



Vest-Telemark
VIDAREGÅANDE SKULE

Elevhefte

Skuleåret 2026-2027



**Alle kan
- me hjelper
deg fram!**



Innhald

1. Rektor har ordet	2
2. Skulen vår	3
2.1. Kontaktinformasjon	3
2.2. Utdanningsprogram og programområde	4
2.3. Leiinga	5
2.4. Tilsette	5
2.5. Kontor, resepsjon/ekspedisjon og drift	7
2.6. Karriererettleiar	8
2.7. Eksamen og privatisteksamen	8
2.8. Tilrettelegging til eksamen	8
2.9. Bøker/lånebøker	9
2.10. Kantine	10
2.11. Tilbod frå Tokke kommune	10
2.12. Skulehelsetenesta	11
2.13. Andre helsetilbod	11
2.14. PPT	12
3. Praktisk informasjon	12
3.1. Skuleskyss	12
3.2. Lån og stipend	13
3.3. Utstyr og materiell	13
3.4. Kartleggingsprøver	13
3.5. Skulebevis og foto	13
3.6. Inndeling av skuledagen – Timeplanen	14
4. Årshjulet	14
4.1. Dei fyrste skuledagane	14
4.2. YFF-periodar – yrkesfag	15
4.3. DKS	15
4.4. Skuleruta	16
4.5. Sett grenser – si ifra!	16
4.6. Samarbeid skule - heim	17
5. Rettar og plikter i skulekvardagen	18
5.1. Reglar særskilt for Vest-Telemark vidaregåande skule:	18
5.1.1. Rutinar for bruk av mobilhotell	19
5.1.2. Rutinar for fellesareala:	19
5.1.3. Rutinar for bruk av møteboksane:	19
5.1.4. Studiedagar/lesedagar	19
5.1.5. Branninstruks	20
5.2. PC-ordning	20
5.3. Solidaritetsprosjektet «Bright Future»	21
6. Skulen sine målsettingar	22

NB! Dette heftet vert lagt ut elektronisk på <https://www.telemarkfylke.no/skoler/vest-telemark-vgs/>. Du vil sjå at det vert vist til nettadresser ved hjelp av interaktive lekkjer, så me rådar deg til å nytte nettversjonen i kvardagen.

1. Rektor har ordet

Kjære elevar!

Velkommen til Vest-Telemark vidaregåande skule!

Det aller viktigaste for tida i vidaregåande skule er at du får fylle på med kunnskap og erfaringar, slik at du får grunnlag for å bli akkurat det du har lyst til. Enten for å ta eit fagbrev, eller for å gjennomføre høgare utdanning. Hovudmålet med å gå på vidaregåande skule er å spisse ein kompetanse som er nyttig for framtida. Den må vere solid og allsidig, slik at den kan nyttast på nye måtar. Den må vere grundig nok, slik at du vert god i faget ditt. For å få til dette må du få kunnskap om korleis du kan fordjupe deg og lære korleis du skal utforske dei ulike emna du jobbar med. Såleis kan du lettare ta til deg nye emne ved seinare høve, etter kvart som samfunnet endrar seg.

For god læring betyr det mykje å bli kjende med kvarandre og skape eit trygt og godt klasse- og skulemiljø. Trivast me og er trygge, så lærer me betre. Alle har eit ansvar for trivselen på skulen. Det handlar om å sjå kvarandre, gje eit smil og oppmuntring i kvardagen. Det handlar også om å ta vare på det fysiske miljøet, og engasjere seg i å skape aktivitet og utvikling rundt oss. Er det noko me ynskjer å endre på til det betre, så kan ein sjølv gjere små grep. Dessutan har me både tillitsvald i klassen og elevrådet til samhandling kring dette. Det øvste organet for å jobbe med skulemiljø og trivsel er Skuleutvalet (SU). Her drøftar me jamleg korleis me har det, og finn og planlegg dei satsingsområda som kan gjere skulen vår endå betre. SU treng dyktige elevar, - og elevrådet og tillitsvald i klassen treng ressurspersonar, som kan utgjere ein forskjell og bidra til eit godt fellesskap. Så kjenn etter om du kan vere ein av dei som kan delta i dette. Den beste skulen skaper me saman!

Mitt råd til deg for dette skuleåret er; Ver grundig og nøye med å få med deg detaljane. Det er då du kan briljere og vise kva du verkeleg er god for. Få til gode samtaler med faglærarane dine, slik at du lærer alt det du treng, på ein måte som hentar fram det beste i deg. Å jobbe saman med medelevar -og byggje kvarandre opp, fremjar også eiga læring.

Alle kan – me hjelper deg fram!

Lykke til med eit godt, nytt skuleår!

Siv Reidun Eide
Rektor





2. Skulen vår

2.1. Kontaktinformasjon

Sentralbord/resepsjon tlf: **35 91 97 00**

E-postadresse til skulen: vesttelemark.vgs@telemarkfylke.no

Nettadresse til informasjonssidene våre: <https://www.telemarkfylke.no/skoler/vest-telemark-vgs/>

Facebook: <https://www.facebook.com/VTVGS>

Instagram: <https://instagram.com/vesttelemarkvgs>

Du finn også mykje nyttig skuleinformasjon på www.telemarkfylke.no

Adressa til skulen er:

Storvegen 195

3880 Dalen



2.2. Utdanningsprogram og programområde

Vest-Telemark vidaregåande skule har desse klassene dette skuleåret:

Klasse	Programområde	Rom	Kontaktlærer
Utdanningsprogram: Studiespesialiserande (STS)			
1STA	VG1 Studiespesialiserande	3	Emilie Asplin
2STA	VG2 Studiespesialiserande	6B	Olav Haugan Vindal
3STA	VG3 Studiespesialiserande	10	Pernille Sjørdal
Utdanningsprogram: Elektro og datateknologi(EL)			
1ELEA	VG1 Elektrofag	17	Odin Wigdahl
2ELEA	VG2 Elenergi	16	Atle Timland
Utdanningsprogram: Helse- og oppvekst (HO)			
1HSFA	VG1 Helse- og oppvekstfag	11	Eirin Døli
1HSFB	VG1 Helse- og oppvekstfag	12	Jelena Merkourieva
2BUA	VG2 Barne- og ungdomsarbeidarfag	Grp.r 1	Britt Rønningen
2HEA	VG2 Helsearbeidarfag	13	Kristine Karlsen
VOM	Vaksenopplæring helsefag	Helsesal	Lene Timland
Utdanningsprogram: Teknologi og industrifag (TIF)			
1TIPA	VG1 Teknologi- og industrifag	7	Lars Eilev Høgset Damkås
1TIPB	VG1 Teknologi- og industrifag	8	Lars Inge Lauvdal
2KJTA	VG2 Kjøretøy	14B	Anders Heggard
2PINA	VG2 Industriteknologi	14	Geir Timland
2AMKA	VG2 Arbeidsmaskiner	6	Tor-Aage Dale
Utdanningsprogram: Påbygging til generell studiekompetanse (PB)			
3PBYA	VG3 og VG4 Påbygging til generell studiekompetanse	5	Øivind Loddengaard
Utdanningsprogram: Tilrettelagt opplæring (AHT)			
AHT	Ulike programområde	9	Monica Borgen
OGSK	Kombiklasse	4	
Utdanningsprogram: Vekslingsmodellen			
TMF	Ulike programområde		Elisabeth Taraldlien



2.3. Leiinga



Rektor

Siv Reidun Eide

siv.reidun.eide@telemarkfylke.no

Rektor er øvste leiar og den administrative og faglege leiaren på skulen. Rektor har ansvaret for alle interesser i skulesamfunnet.



Avdelingsleiar undervisning Pedagogisk støtte og tilrettelagt opplæring (AHT)

Birgit Johanne Kovajord Olsnes

birgit.olsnes@telemarkfylke.no

Individuelt tilrettelagt opplæring. Inntak, vitnemål, Elevenesta.



Avdelingsleiar administrasjon

Talleiv Metveit

Talleiv.metveit@telemarkfylke.no

Økonomi, personale, HMS og beredskap, reinhald, bygg og vedlikehald.



Avdelingsleiar undervisning Studiespesialisering (ST)

Siri Myklebust

siri.myklebust@telemarkfylke.no

Realfag, Språk og Samfunnsfag, Påbygg. Fagval studiespes. Eksamen.



Avdelingsleiar undervisning Yrkesfag (YF)

Lars Ramdal Kleve

lars.kleve@telemarkfylke.no

Teknikk og industriell produksjon, Helse- og oppvekstfag, Elektrofag. Vekslingsmodellen. Vaksenopplæring

2.4. Tilsette

Teknikk og industriell produksjon

Anders Heggard

Einar Krossbakken

Geir Timland

Lars Eilev Høgset Damkås

Lars Inge Lauvdal

Tor-Aage Dale

anders.heggard@telemarkfylke.no

einar.krossbakken@telemarkfylke.no

geir.timland@telemarkfylke.no

lars.eilev.damkas@telemarkfylke.no

lars.inge.lauvdal@telemarkfylke.no

tor.aage.dale@telemarkfylke.no

Studiespesialisering, påbygg og fellesfag

Bjørn Kleiv

Emilie Asplin

Espen Øien-Sudbø

Hanne Bratsberg

Haakon Aaby Hansen

bjorn.kleiv@telemarkfylke.no

emilie.asplin@telemarkfylke.no

espen.sudbo@telemarkfylke.no

hanne.bratsberg@telemarkfylke.no

haakon.aaby.hansen@telemarkfylke.no



Kjetil Kiland Haakenstad
Knut Magne Momrak Husstøyl
Olav Haugan Vindal
Pernille Sørdal
Silje Anette Landsverk Lindgren
Siri Vindal
Thea Marie Rishovd
Øivind Loddengaard
Øyvor Fossli Loddengaard
Åse Kiland
Åsne Berge

kjetil.haakenstad@telemarkfylke.no
knut.magne.momrak@telemarkfylke.no
olav.haugan.vindal@telemarkfylke.no
pernille.sordal@telemarkfylke.no
silje.anette.landsverk.lindgren@telemarkfylke.no
siri.vindal@telemarkfylke.no
thea.marie.rishovd@telemarkfylke.no
oivind.loddengaard@telemarkfylke.no
oyvor.fossli.loddengaard@telemarkfylke.no
aase.kiland@telemarkfylke.no
aasne.berge@telemarkfylke.no

Helse- og oppvekstfag

Britt Rønningen
Eirin Døli
Kristine Karlsen
Lene Timland
Jelena Merkourieva

britt.ronningen@telemarkfylke.no
eirin.doli@telemarkfylke.no
kristine.karlsen@telemarkfylke.no
lene.timland@telemarkfylke.no
jelena.merkourieva@telemarkfylke.no

Elektrofag

Atle Timland
Odin Wigdahl

atle.timland@telemarkfylke.no
odin.wigdahl@telemarkfylke.no

Vekslingsmodell - Byggfag

Elisabeth Lund Taraldlien

elisabeth.taraldlien@telemarkfylke.no

Tilrettelagt opplæring

Björg Aase Byggland
Emil Fillingsnes
Inger Helen Hovden
Monica Borgen

bjorg.aase.byggland@telemarkfylke.no
emil.fillingsnes@telemarkfylke.no
inger.helen.hovden@telemarkfylke.no
monica.borgen@telemarkfylke.no

Elevrettleing

Annette Slokvik Bakkan
Inger Synnøve Fles Lie
Monica Heggliid Gjerlid
Sindre Høgset
Wenche Rønningen
Åse Helen Omland Sending
Øystein Tofte

annette.bakkan@telemarkfylke.no
inger.lie@telemarkfylke.no
monica.gjerlid@telemarkfylke.no
sindre.hogset@telemarkfylke.no
wenche.ronningen@telemarkfylke.no
ase.helen.omland.sending@telemarkfylke.no
oystein.tofte@telemarkfylke.no

Reinhald

Dag Morten Solheim
Halyna Serhienko
Per Arne Berdalen

dag.morten.solheim@telemarkfylke.no
halyna.viktorivna.serhienko@telemarkfylke.no
per.arne.berdalen@telemarkfylke.no

2.5. Kontor, resepsjon/ekspedisjon og drift



Spesialkonsulent

Rannheid Enerstad Moy

rannheid.enerstad.moy@telemarkfylke.no

Ansvar for resepsjon, sentralbord, økonomiføring, PocketID (skulebevis), skrive ut vitnemål, hjelper med eksamen og kontaktperson for skuleskyss.

Kom gjerne innom resepsjonen dersom du har spørsmål eller treng hjelp.

Resepsjonen er vanlegvis open mellom kl. 08.00 og 15.30

E-postadressa til skulen: vesttelemark.vgs@telemarkfylke.no

Arbeidsleiar byggdrift



Bjørn J. Vindal

bjorn.joar.vindal@telemarkfylke.no

Bjørn tar vare på skulebygningane og har ansvaret for alle praktiske og tekniske oppgåver som har med bygg, utstyr og uteområde å gjere.

IT- ansvarleg



Espen Moe

espen.moe@telemarkfylke.no

Ansvar for alle skulen sine PC-ar, skrivarar, nettverk og pedagogisk programvare.

2.6. Karriererettleiar



Knut Magne Momrak Husstøyl

knut.magne.momrak@telemarkfylke.no

Dersom du lurar på kva for fag du treng i utdanninga di, eller du ynskjer å få vite meir om andre skuletilbod, kan karriererettleiaren hjelpe deg. Han kan også gi deg orientering om høgare utdanning, hjelpe deg med å søkje studieplass for neste skuleår, rettleie deg når du skal søkje om lån og stipend og han kan hjelpe deg vidare dersom du har andre utfordringar som gjeld skulegangen din.



Knut Magne er også koordinator for rådgjevarane i Vest-Telemark.

I perioden frå skulestart i august til og med november vikarierer **Silje Anette Landsverk Lindgren** for Knut Magne, e-post: silje.anette.landsverk.lindgren@telemarkfylke.no
Du finn henne på kontoret i gangen ved helsesjukeleiar.

2.7. Eksamen og privatisteksamen

Sikre deg at du har dei nødvendige hjelpemidla du treng til eksamen, og at du veit at PC-en vil fungere tilfredsstillande under eksamen.

Enkelte elevar ynskjer å ta eksamen i eit fag som privatist. Dette er spesielt aktuelt for dei som kan eit anna framandspråk enn det skulen tilbyr, men av og til tar elevar privatisteksamen i andre fag også. **Fristen for å melde seg opp er 15. september.**

Ta kontakt med Siri Myklebust (eksamensansvarleg), Birgit Johanne K. Olsnes (vitnemål) eller karriererettleiar Silje Anette Landsverk Lindgren/Knut Magne Momrak Husstøyl. Du kan også finne informasjon på fylkeskommunen sine nettsider: [Eksamen - Telemark fylkeskommune / www.telemarkfylke.no/Utdanning/Eksamen/Eksamen for privatister](https://www.telemarkfylke.no/Utdanning/Eksamen/Eksamen%20for%20privatister)

2.8. Tilrettelegging til eksamen

Det kan hende du treng ei særskilt tilrettelegging i samband med eksamen som til dømes opplesing av tekst, avskjerma plassering, utvida tid eller anna. Lytt til råd frå faglærar, kontaktlærar, spesialpedagog eller andre og spør om hjelp viss du er usikker. I samarbeid med faglærar skal du **teste ut tilrettelegginga undervegs i skuleåret før** du søker om tilrettelegginga på eksamen.

Du har sjølv ansvaret for å søkje om tilrettelegginga, men du får hjelp av kontaktlærar, faglærar, spesialpedagog eller karriererettleiar. Du søker i InSchool. Du skal dokumentere behovet for tilrettelegging. Dokumentasjonen kan du laste opp som vedlegg til søknaden eller levere til kontaktlærar. **Søk i god tid før eksamen.** Søknaden vert handsama av leiinga på skulen.

2.9. Bøker/lånebøker

Vest-Telemark vidaregåande skule si bok- og mediesamling er delt på to stader. Lærebøker vert delt ut på klasserom 4 ved skulestart. Andre bøker, lydbøker, film osb. finn du på **Tokke bibliotek** i Tokke kulturhus, næraste nabo til skulen. Fjernlån (lån frå andre bibliotek) kan du bestille begge plassar. Du får lånekort av skulebibliotekaren og på Tokke bibliotek.

Kontoret på skulen er bemanna kvar måndag kl. 08.00-15.30, stengt i skuleferiane.



Skulebibliotekar er **Britt Vågslid**.

E-post: britt.vagslid@telemarkfylke.no

Tokke bibliotek er ope måndag-fredag: 08.00-20.00, samt laurdag: 11.00-15.00. Det er bemanna måndag-torsdag og fredag: 09.00-15.00 og onsdag: 09.00-18.00. Resten er ubemanna opningstid/«meiroke».

Tokke bibliotek har endra opningstider i ferieperiodar.

Viktig om sjølve skulebokutlånet.

Utlevering av lånebøker ved skulestart og innlevering ved skuleslutt, skjer på skulen. Kontaktlærar gjev informasjon om tid og stad for oppmøte, du finn også oversikt under 4.1.

Har du spørsmål, skal du bytte bok med ein annan elev, har du fått feil bok, feil målform eller anna tar du kontakt direkte med Britt eller send ein e-post. Hastar det veldig, kan du spørje kontaktlærar. Meldingar frå skulebibliotekar skjer via elev e-posten.

NB: Skulen kjøper inn og eig lærebøkene. Elevane låner det dei treng. Kvart lån blir knytt opp mot din personlege lånekonto. Det betyr at du er ansvarleg for alle lån som står i ditt namn. Skriv namn og skuleår inni permen og vis respekt for andre sine bøker. Ved skuleslutt skal du levere inn alt du har lånt etter avtale. Bøkene er merka med strekkodar, så du må levere akkurat dei bøkene som er registrert på din konto. Du vil få erstatningskrav dersom du øydelegg eller ikkje leverer inn bøker.

Eit godt råd frå bibliotekaren: dei fleste øydelagde bøkene er våte bøker – legg vekk bøkene medan du et og drikk. Kostnad for øydelagt bok kan vera kr. 1000,- til 1500,-

2.10. Kantine

Skulekantina vår er nyleg pussa opp og er ein triveleg møtestad for alle, både elevar og tilsette. Kantina er open kvar dag frå 08.00-13.45 (måndag 13.00)

I kantina vil du møte **Wenche Madland Djuve** som er kantineansvarleg og **Daiva Gutauskiene** som er kantinemedarbeider.

Kantina vår er ein av dei berekraftige kantinene i fylket og tilbyr god, sunn og berekraftig mat og drikke. Her finn du frisk salat kvar dag, ferske bagettar, toast, smoothie, dagens varmmrett (tyrsdag – fredag) og mykje anna godt. Vekemeny vert publisert på infoskjermene og på Teams ([Skulen vår](#))
Kantina tek ikkje imot kontanter, berre betaling med bankkort eller Vipps.

Gratis frukostbord med diverse korn, gryn og mjølk står tilgjengeleg for alle elevar kvar morgon fram til skuledagen startar.



2.11. Tilbod frå Tokke kommune

- Torsdagar er **Tokkehallen** open for våre elevar frå kl. 13.40-15.00. Her må me ha ansvarlege elevar kvar gong.
- Torsdagar er det **Ungdomsklubb** for vgs-elevar på Elvarheim frå kl. 17.00 – 19.30.

Tor Øystein Gravdal er kommunen sin ungdomskontakt, og svarer gjerne på spørsmål om det som måtte handle om fritida og tilbod på Dalen. Du kan ta kontakt med han på telefon; 975 39 809. Tor Øystein stikk innom skulen med jamne mellomrom og han slår gjerne av ein prat med dykk.

For alle elevar ved Vest-Telemark vidaregåande skule har Tokke kommune gitt eit ekstratilbod om å kunne velje ein av tre aktivitetar (inntil tre år):

- **gratis årskort på Tokkegym,**
- **gratis årskort i Tokkebadet** eller
- **gratis undervisning i ein aktivitet i kulturskulen dersom det er kapasitet.**

Årskortet på Tokkegym eller Tokkebadet får ein etter avtale med Tokke kommune ved Tenestetorget på kommunehuset, ein kan booke treningstid på www.tokkenett.no. I resepsjonen på skulen får du innmeldingsskjema for Tokkegym. Årskorta gjeld berre i ordinære opningstider.

Kulturskulen har fleire tilbod om undervisning. Du kan orientere deg om dette på Tokke kommune sine sider: www.tokke.kommune.no, du må søkje via søknadsskjema som vert utarbeidd av kulturskulen. For alle tilboda gjeld det at ein følgjer reglar som gjeld til ei kvar tid. Dette er eit særskild godt tilbod, og vi må gjere alt vi kan for å verne om og ta vare på det. Det betyr at alle som nyttar det må ta ansvar.

2.12. Skulehelsetenesta

Helsesjukepleiaren vår, **Martha Angelica Roholdt**, har kontor på skulen og du kan stikke innom henne for ein prat måndagar og torsdagar.

Martha er på skulen:

måndag kl. 09.30-14.00

torsdag kl. 08.30-11.00

Mobil: 908 93 786

Kontor tlf: 35 07 55 50



martha.angelica.roholdt@tokke.kommune.no

Kvar torsdag mellom 13.30-15.30 kan elevar på vgs nytte tilbodet Helsestasjon for ungdom (HFU).

Helsestasjonslege: **Dordi Elise Flom**

Skulehelsetenesta samarbeider med psykisk helse og jordmor i kommunen.

2.13. Andre helsetilbod

Fysioterapeutane i kommunen kan gje veiledning kring spørsmål som til dømes kropp, trening, smerter og ubehag.

Fysioterapeutar er **David Borgenvik** og **Jette Bergfjord**.

Du kan kontakte dei ved å sende e-post til:

jette.bergfjord@tokke.kommune.no eller mobil 469 31 427

Rask Psykisk Helsehjelp er eit lågterskeltilbod til deg over 16 år busett i Vest-Telemark, med symptom på mild til moderat depresjon, angst, søvnvanskar og begynnande rusproblem. Tilbodet er gratis. Du tar sjølv kontakt, utan tilvising frå fastlege

Telefon: 90 67 01 30 – telefontid måndag–torsdag kl. 12–15

E-post: rph@vest-telemark.no

Adresse: Brøløvsvegen 47, andre etasje, 3840 Seljord

Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta er lågterskeltilbod med open dør og fast treffetid. Tenesta er gratis. Helsesjukepleiar har teieplikt. Med samtykke kan helsesjukepleiar samarbeide med skulen og andre instansar ved behov. Du får ikkje ugyldig fråvær dersom du tek med dokumentasjon tilbake til kontaktlærar.

Du kan mellom anna snakke om:

- fysisk og psykisk helse
- søvn, kosthald og aktivitet
- stress, tankar og vanskelege kjensler
- seksualitet og kjønnsidentitet
- prevensjon og graviditet
- seksuelt overførbare infeksjonar og testing for klamydia

Du kan også få:

- prevensjonsrettlegging og resept på hormonell prevensjon
- gratis kondom
- graviditetstest og nødprevensjon
- samtale om abort

Innsetting, uttak og byte av p-stav blir gjort på Helsestasjon for ungdom (HFU).

Time utanom treffetida kan avtalast på SMS.

2.14. PPT

PPT er ei rådgjevingsteneste som kan gje rettleiing til elevar og lærarar ved bekymring knytt til opplæringa. Elevar kan ta direkte kontakt med PPT, eller i samråd med lærar/andre tilsette på skulen. Alle har teieplikt.

Vår PP-rådgjevarar er **Trude Haugan** (trude.haugan@telemarkfylke.no)



3. Praktisk informasjon

3.1. Skuleskyss

Dersom du har rett på skuleskyss, må du ha skulereisekort/busskort. Alle må søke kvart år for å få fornya skulereisekortet sitt. Dersom du ikkje har søkt før skulestart, kan du gjera det med ein gong skuleåret startar. Du finn søknadsskjema her: www.farteskyss.farte.no

Skulereisekort på mobil for vidaregåande elevar frå august 2026

Telemark fylkeskommune innfører skulereisekort på mobil for vidaregåande elevar frå og med august 2026. Det tyder at elevar med rett på skuleskyss med kollektivtrafikk (buss, ferje og tog) får eit **skulereisekort på mobilen sin**.


Korleis gjer vidaregåande-eleven det?

1. Eleven søker om skuleskyss i Farteskyss-portalen på vanleg måte:
Logg inn – Farteskyss (<https://farteskyss.farte.no>)
2. Ved godkjent vedtak får eleven tilsendt ein SMS på mobilen, med ei lenkje til Entur-appen.
3. Entur-appen må lastas ned på mobilen via AppStore eller GooglePlay (gratis).
4. Skulereisekortet ligg under «billetter» i Entur-appen.
5. Eleven trykkjer på skulekort-billetten i appen. QR-koden blir lese av på bussen.



I appen Entur.no finn du også enkelt fram til når bussen går dit du skal:

MERK: *gamal ordning med fysiske skulereisekort:* Dersom eleven ynskjer å reservera seg og framleis bruka fysisk skulereisekort, må eleven gje fylkeskommunen beskjed om dette på e-post: skulereisekort@telemarkfylke.no.



Det er samla spørsmål og svar om den nye ordninga på denne sida:

<https://www.farte.no/digitaleskulereisekort/>

Har du behov for tilleggsskyss? Det er eit eige skjema for dette. Sjekk med resepsjonen/karriererettleiar om du er usikker på kva skyss du har krav på. Meir informasjon finn du også på www.telemarkfylke.no



3.2. Lån og stipend

Karriererettleiaren kjem rundt i klassene og orienterer om stipend og lån.

- Søknadsfristar: **haust 15.november, vår 15. mars**

Stort fråvær kan føre til at stipend blir gjort om til lån som ein må betale tilbake. Sjå Lånekassen sine nettsider om oppdaterte reglar for dette: www.lanekassen.no

3.3. Utstyr og materiell

Du kan ha behov for utstyr ut over det skulen delar ut gratis. Behovet varierer etter kva for programområde du går på. Lånekassen gjev utstyrsstipend for å dekkje det meste av utgiftene du får i samband med dette, men du må sjølv søkje Lånekassen om stipendet.

Du vil få meir info om dette av karriererettleiar, avdelingsleiar og faglærer i samband med skulestart. Skulen delar ut litt nødvendig skulemateriell du vil trenge, slik som blyant, viskelêr, kulepenn og skrivebøker.

3.4. Kartleggingsprøver

Alle skular i fylket gjennomfører kartleggingstestar i lesing, engelsk og rekning i løpet av dei tre første skulevekene. Desse testane hjelper faglærer og deg til å finne ut kva du kan frå før og kva du eventuelt kan trenge hjelp til. Det er viktig at du tar desse testane seriøst og viser kunnskapen din når dei vert gjennomført. Testane er ikkje ein del av grunnlaget for terminkarakterane.

Det er sjølvsagt også viktig at du har god dialog med faglærarane og kontaktlæraren din gjennom heile skuleåret, slik at vi kan tilpasse undervisninga dersom det er behov for det.

3.5. Skulebevis og foto

Skulen tilbyr skulebevis på mobiltelefon. Du må laste ned appen PocketID. Meir info om dette finn du på nettsida: <http://www.pocketid.no/>.

Skulebeviset må ha eit portrettbilde. Dersom skulen har bilde av deg frå før, kan du halde fram med å bruke det. Skulen sjekkar om du allereie har eit godkjent bilde. Skulen set opp ein fotostasjon i resepsjonen ved skulestart, der vi fotograferer elevar til PocketID og InSchool. Sjå eiga liste over tidspunkt for fotografering (punkt 4.1)

Bruk av elevfoto til infomateriell og marknadsføring

Skulen ynskjer å kunne bruke foto og/eller film tatt frå ulike skulearrangement.

Elevar har høve til å reservere seg frå å bli framheva i slike bilete (les meir om dette på skulen si informasjonsside på internett). Vi håpar at så få som mogleg reserverer seg, for det er kjekt for skulen og skulemiljøet om vi kan vise fram gode bilete av elevar i ulike samanhengar.



3.6. Inndeling av skuledagen – Timeplanen

	Tider	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1	08:15 – 09:00					
2	09:00 – 09:45					
	Pause					
3	10:00 – 10:45					
4	10:45 – 11:30					
	Matpause					
5	12:00 – 12:45					
6	12:45 – 13:30					
	Pause				Kort dag for alle elevar. Bussavgang 13.40-13.55	
7	13:40 – 14:25					
8	14:25 – 15:10					

4. Årshjulet

4.1. Dei fyrste skuledagane

Der ikkje anna er nemnt har klassene vanleg timeplan.

Måndag 17. august – start kl. 08.15

Alle elevane møter i kantina. Her ynskjer rektor velkommen og det blir presentasjon av sentrale aktørar i skulekvardagen.

Deretter klassevis:

- Elevane fylgjer kontaktlærar til klasserom, utdeling av materiell.
- Utvalde klasser får lånebøker på rom 4 – lærar er med på utleveringa (sjå tabellen).
- Utlevering av PC til **nye** elevar i påbyggklassa (3PB) som ikkje har skule-PC frå før.
- Bli-kjent-arrangement, kl. 11.30 – 15.10
 - Oppgåver og aktivitetar ute/rundt om på skulen (vi sjekkar vêrmeldinga).
 - Premieutdeling utanfor inngang A v/kantina ca.kl. 14.45

Måndag 17. august		
Tid:	PC	Lånebøker
08.30		2KJTA
09.00	3PB	2PINA
09.30		3STS
10.15		2STS
11.00		2HEA



Tysdag 18.august

- Utlevering av PC til vg1-elevar utanfor resepsjonen, for tidspunkt: sjå tabellen.
- Utvalde klasser hentar lånebøker på klasserom 4. Lærar er med og hjelper med utleveringa (sjå tabellen når de skal hente bøker).
- Fotografering til PocketID i resepsjonen hjå Rannheid (sjå tabellen når di klasse skal ta foto), møt utanfor resepsjonen.

Tysdag 18. august			
Tid:	PC	Lånebøker	Foto
08.15		3PB	
08.45	1STA	2AMKA	1ELEA
09.15	1HSFB	2EL	1HSFA
10.00	1HSFA	2BUA	1HSFB
10.20	OGSK	1STA	HTA
11.30		1TIPA	
12.00	1ELEA	1TIPB	1STA
12.45	1TIPA	1HSFA	1TIPB
13.40	1TIPB	1HSFB	1TIPA
14.25		1ELEA	

Onsdag 19.august

- Elevar i vg2 og vg3 tar kontakt med Rannheid for å avtale tidspunkt for fotografering til Pocket ID og InSchool **dersom de ikkje har bilete der frå før, eller ynskjer å endre foto.**

4.2. YFF-periodar – yrkesfag

Klasse	Veke	Veke	Veke
1ELE	49	9	
2ELE	42-43-44	3-4-5-6	
1TIPA/1TIPB	43-44	3-4	10-11
2AMKA/2TPINA/ 2KJTA	43-44	2-3-4	10-11
1HSFA/1HSFB	48-49	9-10-11	
2HEA/2BUA	42-43-44	3-4-5-6	

4.3. DKS

Den kulturelle skulesekken (DKS) gir alle elevar i fylket gratis kulturopplevingar av mange slag. Plan over førestillingane er lagt for skuleåret, men det kan likevel skje endringar undervegs, så følg med på vekeplanen og InSchool. ([Utforsk produksjoner i DKS | Telemark DKS](#))



Den kulturelle
skulesekken
Telemark



4.4. Skuleruta

Månad	Merknad	Skuledagar
August	Skulestart måndag 17. august	11
September		22
Oktober	Hautferie veke 41 (f.o.m. måndag 5. oktober t.o.m. fredag 9. oktober)	17
November		21
Desember	Siste skuledag før jol fredag 18. desember	14
Januar	Fyrste skuledag etter nyttår tysdag 5. januar	19
Februar	Vinterferie veke 8 (f.o.m. måndag 22. februar t.o.m. fredag 26. februar)	15
Mars	Påskeferie f.o.m. måndag 22. mars t.o.m måndag 29. mars	17
April		22
Mai	Offentleg fridag Kristi himmelfartsdag, torsdag 6.mai Fri fredag 7. mai Offentleg fridag måndag 17. mai	18
Juni	Siste skuledag fredag 18. juni	14
	Felles skulerute for dei vidaregåande skulane i Telemark	190

Det vil dukke opp ulike aktivitetar i løpet av året. Dette blir annonsert på Teams (vekeplanar/informasjon i klasseteam), noko også på infoskjermen den dagen aktiviteten skjer.

4.5. Sett grenser – si ifra!

Trygg Trafikk kjem til skulen **10. november** og held foredrag for alle vg2-klassene om trafikksikkerheit. Tiltaket har som oppgåve å støtte opp om at det er ok å sei ifrå og unngå farlege situasjonar i trafikken, både som passasjer og sjåfør. Risikosjåførane kan konfronterast med konsekvensen av eiga åtferd i trafikken.

4.6. Samarbeid skule - heim

- *Møte tysdag 1. september kl. 18.00 - alle vg1- og vg2-klasser*
- *Samtaler med føresette i starten av november (veke 47-48)*

Vi sender innkalling til med elevane heim, men noter dykk tidspunkta!

Alle elevar har rett på utviklingssamtaler ([§11.1](#) i ny forskrift til opplæringslova). Dersom du som elev eller føresett kjenner behov for å ha samtale om skulesituasjonen og den faglege utviklinga utanom oppsette møte, tar de kontakt med kontaktlærar. Vi gjer avtale om møtetidspunkt og deltakarar. Føresette til elevar som har fylt 18 år kan ikkje krevje samtaler utan eleven sitt samtykke.

Det er viktig at alle jobbar saman om å få til best mogleg utvikling, og vi ynskjer difor å ta tak med ein gong viss vi ser behov for endringar for å auke læringsutbytte og utvikling. Skulen er open for innspel frå elevar og føresette.

***Lova skal leggje til
rette for at barn,
ungdom og vaksne
får god opplæring i
eit godt miljø***

§1-1 i opplæringslova

5. Rettar og plikter i skulekvardagen

Som elev er du del av eit skulesamfunn. Skal vi ha ein god skulekvardag, er det viktig å halde seg til dei rutine og reglane som gjeld. Telemark fylkeskommune prolongerer gjeldande ordensreglement og fråværsreglement for alle vidaregåande skular i fylket, i tillegg har skulen egne rutinar på ein del område. Du har plikt til å lese gjennom og setje deg inn i kva desse reglane går ut på. Du må også skrive under på at du har lese og vil fylgje desse reglane.

[Praktisk informasjon, regler og rettigheter - Telemark fylkeskommune](#) inkluderer fråværsreglement, dette får vg1-elevane utdelt som egne hefte, vg2 og vg3 må laste det ned frå nettet.

Gode råd til elev og føresette i samband med fråvær: Ta vare på all dokumentasjon. Ha god dialog med kontaktlærar, og sikre deg at fråværsdagar vert sett som heil dag og ikkje timefråvær i VIS. Set dykk godt inn i reglane for fråtrekk av inntil 10 fråværsdagar, og søk om dette i god tid. Søknad blir sendt via VIS. Det er ikkje høve til å få desse dagane trekt frå etter klagefrist.

Vi minner om at viss du har synspunkt på reglar og rutinar, kan du kome med innspel i klasserådet og drøfte det der. Vert klassen samde om at ein vil gå vidare, tar den tillitsvalde dette med til elevrådet, og det går eventuelt vidare til Skulemiljøutvalet. Fylket sine reglar er det Elevorganisasjonen som skal ha innspel om.

5.1. Reglar særskilt for Vest-Telemark vidaregåande skule:

- Pultar og stolar skal setjast på plass når skuledagen er slutt, og klasserommet skal vere ryddig.
- Skulesaker skal ikkje ligge framme etter skuleslutt. Dette gjeld også på pulten og i glaskarmar.
- Bruk elevskåp til bøker og utstyr som ikkje skal vere med heim.
- Mobilhotell i alle klasserom.
- Ein skal vanlegvis ikkje ete i timane. Faglærar kan gjere unntak. Bruk kantina når du skal ete mat. Hugs å rydde etter deg uansett kor du finn ein plass å ete maten din.
- Spesialrom (verkstad, kjemirom etc) skal vere låst i friminutt.
- Verkstadene skal berre nyttast når det er lærar til stades. Eigne reglar for verkstadene.
- Elevane skal til ei kvar tid fylgje gjeldande vernereglar for verkstaden og undervisninga.
- Det er ikkje lov til å køyre eller parkere på skulen sitt område.
- Det er ikkje lov til å gå inn på Tokke skule sitt område i skuletida utan særskilt løyve.
- Vis omsyn til kvarandre i samband med at de går av eller på bussane.
- Busskuret skal berre nyttast for å vente på bussen.



5.1.1. Rutinar for bruk av mobilhotell

Alle klasserom har mobilhotell (ei raud kasse) med plass til alle elevmobilar og ev anna kommunikasjonsutstyr. Alle elevar skal uoppfordra plassere dette utstyret i klasserommet sitt mobilhotell før undervisninga startar, og elevane hentar sjølv sitt eige utstyr etter at undervisninga er ferdig. Elevar som er avhengig av kontinuerleg monitorering via kommunikasjonsutstyr, eller der det er andre tungtvegande og dokumenterte grunnar til at ein må nytte dette, gjer skriftleg avtale med kontaktlærar så snart det er mogleg.

5.1.2. Rutinar for fellesareala:

Fellesareala er nyoppussa og har fått nye, fine møblar. For å skape eit triveleg miljø, har vi i fellesskap bestemt at:

- Alle har eit ansvar for å halde det reint og ryddig i fellesområdet.
- Tallerkar og bestikk skal ikkje takast ut av kantineområdet, rydd skittent servise på plass i tralle.
- Alle har ansvar for at areal og møblar ikkje vert tilgrisa eller øydelagde.
 - Vi minner om:
 - Vernesko øydelegg golvbelegget i gangane og skal *ikkje* brukast utanfor verkstadane
 - Ikkje ha sko/arbeidsklede *i* stoffmøblar eller *oppå* bord
 - Hjelp kvarandre med å hugse dette

5.1.3. Rutinar for bruk av møteboksane:

- «Lærar med elev» og «skule/gruppearbeid» har fortrinnsrett (i den rekkefølga). Det er bestillingssystem for bruk av boksane.
- Møteboksen er også ein stad der ein kan trekkje seg tilbake.
- Ikkje mat eller drikke i boksane.
- Maks 4 personar i boksen samtidig (m.a. grunna luft).
- Tom boks skal vere ryddig og klar for dei neste som skal bruke han.
- Døra skal vere stengt (på grunn av varme- og ventilasjonssystemet i boksen).

5.1.4. Studiedagar/lesedagar

Alle elevar kan søkje om inntil 3 studiedagar/lesedagar i løpet av skuleåret.

Bruk eige skjema for studiedagar som du får av kontaktlæraren din. Kontaktlærar kan innvilge søknad for maksimalt 3 elevar same dag. Du må sjølv spørje *alle* faglærarane dine som har undervisning den aktuelle dagen, om å godkjenne med signatur. Når/om du har fått godkjenning frå alle, skal du gi søknaden vidare til kontaktlærar som *kan innfri eller avslå* søknaden. Kontaktlærar kan avslå søknaden sjølv om faglærarane har godkjent.

Elevar kan ikkje søkje om eller ta ut studiedagar etter påske.



5.1.5. Branninstruks

Viss brannalarmen går skal du som elev gjere følgjande:

- *Lukk vindauge og dører*
- *Gå ut nærmaste utgang*
- *Klassa samlast på nedre parkeringsplass*

5.2. PC-ordning

Berbar datamaskin er eit obligatorisk verktøy i offentleg vidaregåande skule i Telemark. Eleven må betale leige for PC for den tida han/ho går på skulen, og eleven overtar eigarskapet etter tre år. Der det er kortare skulegang må eleven **betale ut** PC-en etter avslutta skulegang.

Alle elevar må levere underskriven kontrakt for å få utlevert PC. Dette skal gjerast elektronisk. Alle elevar får SMS om korleis dei skal gjere dette.

Telemark fylkeskommune har [fylldig informasjon om PC-ordninga på sine nettsider](#). Du må halde deg oppdatert ved å bruke desse sidene.

Digitalpedagog og it-ansvarleg går rundt til klassene og informerer om god bruk av PC dei første skuledagane. Lytt til dei råda du får, mellom anna om korleis du skal lagre, kva program du kan nytte deg av, korleis du skal handsame PC og utstyr, og kva du bør gjere for å sikre deg mot å miste data.

Når du sluttar som elev, mistar du diverre tilgangen til skylagringssystemet til fylket. Det er derfor viktig at du i god tid før du avsluttar skulegangen ordnar deg med eige/nytt system for lagring, slik at du kan overføre filene du treng å ha med deg vidare.

5.3. Solidaritetsprosjektet «*Bright Future*»



Elevane ved Vest-Telemark vidaregåande skule har i ei årrekkje hatt ein solidaritetsaksjon (liknande Operasjon Dagsverk) for prosjektet «Bright Future».

Elevrådet på skulen tok ei avgjersle skuleåret 2023/24 om at elevane skal halde fram med dette også dei neste 5 åra.

OM BRIGHT FUTURE PREPATORY SCHOOL (BFPS)



Prosjektet med å bygge og drive barnehage i Ghana starta i 2001, då Kristin Hestmann Vinjerui, tidlegare elev ved Vest-Telemark vidaregåande skule, var i landsbyen som volontør. På den tid var barnehagen i eit uferdig kyrkjebygg. Bygget hadde fire veggjar, taket mangla

og golvet var av sand.



I dag er BFPS ein barnehage/skule i Ajumako Techiman, Central Region, Ghana som husar nærare 300 born og 6 lærarar. Borna betaler ein liten sum kvar dag (ca. 65 øre), som dekker varm lunsj og delar av dei tilsette si løn. Litt av dei innsamla midlane frå Vest-Telemark vidaregåande skule går til å støtte dei tilsette si løn, men mykje av det elevar og tilsette ved Vest-Telemark vgs har bidrege med har gått til nye bygningar, brønn og både vedlikehalds- og sikringsarbeid. Mellom anna har dei siste års innsamling gått til nytt tak.

Les meir om prosjektet på Facebook: <https://www.facebook.com/brightfuturenorway/>

Dette skuleåret er solidaritetsdagen **fredag 13. november**.


6. Skulen sine målsettingar

Skulen sitt hovudmål er god kvalitet på opplæringa som er styrt av måla i læreplanen. Vi har eit spesielt fokus på god vurderingspraksis og vi skal samtidig legge til rette for at du møter eit trygt og inkluderande fellesskap på skulen. Vi skal gi god tilpassa opplæring til alle og har satsa spesielt på å auke kompetansen om kva som er dysleksivenleg opplæring. Vår visjon; Alle kan – vi hjelper deg fram, skal gjelde alle som er elevar og tilsette på skulen.

I Telemark fylkeskommune jobbar ein etter [Telemarksplanen](#), og politkarane har ut frå denne vedteke ein [strategi for vidaregåande opplæring for 2026-2031](#). Dette er planar og målsettingar som skulen sitt utviklingsarbeid tar utgangspunkt i, og følgjande mål er gjeldande frå 2026:

- Opplæringa skal fremje utvikling av digital kompetanse og kritisk dømmekraft, med vekt på grunnleggjande forståing av kunstig intelligens
- Opplæringa skal styrkje dei grunnleggjande ferdigheitene til elevane (lesing, skriving, rekning, munnlege og digitale ferdigheiter)
- Opplæringsarenaene skal byggje gode, lærande profesjonsfellesskap der alle tilsette deltek aktivt
- Opplæring og samarbeid skal leggje til rette for å betre progresjonen gjennom heile det fireårige yrkesfagløpet
- Opplæringa skal leggje til rette for at alle elevar opplever matematikk som eit meningsfullt og motiverande fag der dei oppnår meistring og får utnytta det fulle potensialet sitt.
- Opplæringsarenaene skal leggje til rette for at alle elevar opplever auka livsmeistring





Utdanningsprogram

Du kan velje mellom dei studieførebuande utdanningsprogramma studiespesialisering og påbygg til generell studiekompetanse. Av yrkesfag kan du velje mellom elektro og datateknologi, teknologi- og industrifag eller helse- og oppvekstfag. Ved å velje vekslingsmodellen, kan du også få fagbrev som rørleggar, tømrar, kokk eller servitør.

Foto: Luke Tennant